NAUSTDAL KOMMUNE

Arkiv:	K1 - 023
JournalpostID:	16/4851
Sakshandsamar:	Øyvind Bang-Olsen
Dato:	13.11.2016

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
16/056	KOMMUNESTYRET	17.11.2016

Samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland - Regionreform

Vedlegg i saka:

23.09.2016	Framlegg til kommentar til Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland	72953
27.09.2016	Framlegg til kommentar til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland	72937
25.10.2016	Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland - høyringsbrev	73817
25.10.2016	INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND 15.09.2016.PDF	73818
25.10.2016	1B8E8F69-8947-48CF-89D7-00C6CDDCE333.PDF	73819
25.10.2016	16097059.PDF	73820

TILRÅDING:

Kommunestyret drøftar saka i møte

17.11.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Fellesframlegg frå Naustdal Høgre og Naustdal Venste:

Naustdal kommune støtter intensjonsavtalen om Vestlandsregionen
Naustdal kommune ser på regionreforma som viktig, sidan den får konsekvensar for samhandling

mellom kommunane, regionnivået og staten. Difor er det viktig at kommunen engasjerar seg i arbeidet med reforma.
I Sunnfjord har kommunane no teke steget og vedteke samanslåing av kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal.
Naustdal kommune meiner intensjonsavtalen gjev Sogn og Fjordane mange fordeler og trekker spesielt fram at fylkesmannen skal plasserast i Leikanger og at hovudutval for samferdsel skal delast mellom Leikanger og Stavanger og at vi får kultur i Førde. Dette er viktige arbeidsplassar for regionen i Sunnfjord og regionen i Sogn.
Naustdal kommune meiner at det er eit vilkår at nynorsk skal vere administrasjonsspråk i den nye regionen. Vi viser til at 67 av kommunane i dagens region (dei tre fylka) brukar nynorsk som hovudmål og at det er viktig for å skape ein felles identitet for vestlandet.
Naustdal kommune er oppteken av at nye oppgåver blir tilført heile regionen. Spesielt vil vi peike på at oppgåver av vesentleg karakter også må tilflyte vårt område, Sogn og Fjordane . Det ligg implisitt i reforma at statlege oppgåver skal flyttast ut, og dette må komme heile regionen til gode.
I samanslåingsprosessar viser erfaringar at lik representasjon i fellesnemd og arbeidsutval har vore eit viktig suksesskriterie. Sjølv om inndelingslova viser til fordeling etter innbyggjartal, har fleirtalet av kommunar valgt lik representasjon. Dette meiner vi også bør gjelde for regionsnivået, og at dei tre fylka bør ha like mange representantar.
Sogn og Fjordane bør også peike på eit byområde som skal vere ein motor den nye regionen skal satse på. Dette betyr at kvar av dei tre fylka har ein by som skal skape synergiar for Vestlandsregione og fungere som motvekt til austlandet.
Dersom Sogn og Fjordane vel å sei nei til intensjonsavtalen kan det få fatale konsekvensar for eit framtidig regionsamarbeid. Vi veit at Møre og Romsdal har valgt å stå åleine som fylke. Dei er omtrent dobbelt så store som Sogn og Fjordane i folketal. Det verste scenario vil vere at Hordaland og Rogaland i neste omgang forhandlar om ny avtale seg mellom og held Sogn og Fjordane utanfor. Dersom dette skulle skje, vil Sogn og Fjordane gå frå å vere små til å bli endå mindre i ein målestokk opp imot andre regionar / fylker. I ein felles vestlandsregion vil dagens Sogn og Fjordane ha ei stemme, dersom vi blir ståande åleine opp mot dei store vil vi knapt bli høyrt.
Naustdal kommune støttar intensjonsavtalen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

<u>Framlegg frå Åsmund Bertelsen (Sv)</u>

Framlegg til fråsegn om "Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland."

Ja til Sogn og Fjordane - nei vil Vestlandsregionen

Naustdal kommunestyre syner til tidlegare fråsegn til intensjonsplanen vedteke i møte den 22. september i år. Kommunestyret held fast på kravet om folkerøysting før fylkestinget gjer vedtak i saka om samanslåing med andre fylkeskommunar. På same måten som kommunane gjennomførte folkerøystingar eller innbyggarhøyringar i samband med samanslåing, må fylkeskommunen gjere det same. Folk i Sogn og Fjordane har berre fått ein månad til å handsame saka på. Naustdal kommunestyret meiner handsamingsmåten er lite demokratisk.

Intensjonsplanen for samanslåing bygger på fleire premissar som det ikkje er gjeve svar på frå sentrale styresmakter. Naustdal kommunestyre meiner Sogn og Fjordane fylkesting ikkje har grunnlag for å handsame intensjonsplanen. Den viktigaste premissen er at dei nye regionane må få overført nye, tunge samfunnsoppgåver. Dei tre fylkesordførarane har tidlegare sagt at dette var eit krav. Fyrst våren 2017 vil det bli lagt fram forslag om kva oppgåver og ansvar dei nye regionane skal ha, altså etter at Sogn og Fjordane har bunde seg til samanslåing. Det vil heller ikkje vere avklara om fylkesmannsembete skal ha ei desentralisert forvaltning "lokalisert til dagens fylke". Naustdal kommunestyre meiner det må vere eit ufråvikleg krav at nynorsk skal vere administrasjonsspråk i ein mogleg vestlandsregion. At fylkestinget i Sogn og Fjordane legg dette til grunn, sikrar ikkje dette.

Identitet og tiltru er viktig også for økonomisk utvikling. Det er avgjerande for tiltakslyst og engasjement. I Sogn og Fjordane har det vore og er grunnlaget for mange verksemder og institusjonar. For å sikre og utvikle desse kvalitetane, er det avgjerande at Sogn og Fjordane får halde fram som ei eiga eining.

Naustdal kommunestyre meiner at det ikkje er rett å bygge opp store regionar som skal ta over viktige samfunnsoppgåver for staten. Det er avgjerande for å sikre utjamning og likeverdige forhold i landet at nasjonale styresmakter tek avgjerder og har forvaltninga på viktige område. Det kan sikre utvikling i alle delar av landet.

Naustdal kommunestyre meiner at utvikling av nye storregionar vil gje auka byråkrati, sentralisering og mindre folkestyre.

Avrøysting, vedtaka vart sett opp mot kvarandre

Framlegget frå Sv fekk 14 stemmer
Framlegget frå H og V fekk 3 stemmer

K-16/056 Vedtak:

Fråsegn om "Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland."

Ja til Sogn og Fjordane - nei vil Vestlandsregionen

Naustdal kommunestyre syner til tidlegare fråsegn til intensjonsplanen vedteke i møte den 22. september i år. Kommunestyret held fast på kravet om folkerøysting før fylkestinget gjer vedtak i saka om samanslåing med andre fylkeskommunar. På same måten som kommunane gjennomførte folkerøystingar eller innbyggarhøyringar i samband med samanslåing, må fylkeskommunen gjere det same. Folk i Sogn og Fjordane har berre fått ein månad til å handsame saka på. Naustdal

kommunestyret meiner handsamingsmåten er lite demokratisk.

Intensjonsplanen for samanslåing bygger på fleire premissar som det ikkje er gjeve svar på frå sentrale styresmakter. Naustdal kommunestyre meiner Sogn og Fjordane fylkesting ikkje har grunnlag for å handsame intensjonsplanen. Den viktigaste premissen er at dei nye regionane må få overført nye, tunge samfunnsoppgåver. Dei tre fylkesordførarane har tidlegare sagt at dette var eit krav. Fyrst våren 2017 vil det bli lagt fram forslag om kva oppgåver og ansvar dei nye regionane skal ha, altså etter at Sogn og Fjordane har bunde seg til samanslåing. Det vil heller ikkje vere avklara om fylkesmannsembete skal ha ei desentralisert forvaltning "lokalisert til dagens fylke". Naustdal kommunestyre meiner det må vere eit ufråvikleg krav at nynorsk skal vere administrasjonsspråk i ein mogleg vestlandsregion. At fylkestinget i Sogn og Fjordane legg dette til grunn, sikrar ikkje dette.

Identitet og tiltru er viktig også for økonomisk utvikling. Det er avgjerande for tiltakslyst og engasjement. I Sogn og Fjordane har det vore og er grunnlaget for mange verksemder og institusjonar. For å sikre og utvikle desse kvalitetane, er det avgjerande at Sogn og Fjordane får halde fram som ei eiga eining.

Naustdal kommunestyre meiner at det ikkje er rett å bygge opp store regionar som skal ta over viktige samfunnsoppgåver for staten. Det er avgjerande for å sikre utjamning og likeverdige forhold i landet at nasjonale styresmakter tek avgjerder og har forvaltninga på viktige område. Det kan sikre utvikling i alle delar av landet.

Naustdal kommunestyre meiner at utvikling av nye storregionar vil gje auka byråkrati, sentralisering og mindre folkestyre.